



Norges Vassdrags- Og Energidirektorat (nve)
Postboks 5091 Majorstua
0301 Oslo

Dykkar ref.

Vår ref.

20/4648-50 /ELITVE/23/26931

Arkiv:

FA-S11, TI-&18

Dato

20.10.2023

Tilleggsuttale etter synfaring 19-20. september 2023 frå Ullensvang kommune

Ullensvang kommune viser til synfaringa 19-20. september 2023 i saksnr. 202016892 og 202211253. Tilleggsuttalen må sjåast i samanheng med tidlegare uttalar frå Ullensvang kommune i begge sakene og dei innspela vert ikkje gjentatt i denne tilleggsuttalen.

Då synfaringa vart gjennomført var det unormal høg vasstand i Maurangervassdraget. Det gjorde det utfordrande å sjå konsekvensane reguleringane har for naturmiljøet i elvane, ålmenta sin bruk av magasina og behovet for å innføra avbøtande tiltak. Det er viktig at det er normalsituasjonen som vert lagt til grunn når krava frå Ullensvang kommune vert vurdert. Det gjeld dei krava som er sendt i tidlegare uttalar og i tilleggsuttalen.

Ullensvang kommune ber at luka frå Kvanngrovatn vert stengt når vatnet går på overløp i Dravladalsvatnet, slik at det kan fyllast mot original vasshøgde i Kvanngrovatn. Det er sjeldan at vasstanden i Kvanngrovatn er på original høgde slik som det vert praktisert no.

Det kom fram under synfaringa at Statkraft ikkje har undersøkt konsekvensane for fisk knytt til ny utløpstunell frå Mauranger 2 kraftverk i Austrepollen. Det vart opplyst at vatnet vil ha ein fart på 1-2 m³/s ved utløpet i sjøen, og det vert antatt at kraftverket vil ha minimal innverknad. Ullensvang kommune påpeikar at Maurangerfjorden er gyteområde for torsk. Det må konsekvensutgreiast korleis eit nytt kraftverk og utslepp frå det vil påverka gyteområdet, og fjordområdet generelt.

Helsing

Elisabeth P. Tveit
rådgjevar

Dokumentet er godkjend elektronisk og har difor ikkje signatur.

Ring oss

Telefon: 53 65 40 00

Org.nr 920 500 633

Kontakt oss

Opheimsgata 31
5750 Odda

postmottak@ullensvang.kommune.no

Besøk oss i

rådhuset i Odda
kommunehusa i Kinsarvik og Jondal



www.ullensvang.kommune.no

